
Vår referanse 2020/37132-4
Dato 01.04.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Fv. 564 Fløksand - Vikebø. Faktura for gebyr i samband med dispensasjonssøknad

I samband med utarbeiding av reguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø har vi utført grunnundersøkingar i Rylandsvatnet. Undersøkingane kravde litt grunnarbeid for å få tilkomst ned til vatnet, og da Rylandsvatnet er ein del av det verna Rylandsvassdraget vart det søkt om dispensasjon frå kommuneplan og vassdragsvernet for å gjennomføre undersøkingane. Asplan Viak sendte søknaden på vegne av oss. Løyve vart gitt og undersøkingane er no gjennomførte.

Vi har no motteke ein faktura på gebyr for handsaming av søknaden, faktura nr 50000057 på kr. 10 300,-. Vi meiner at det ikkje er grunnlag for å krevje eit slikt gebyr av oss. Vi viser til denne tolkingsuttalen frå KMD i 2015: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-33-1-sporsmal-om-gebyr-for-reguleringsplaner/id2483902/>

«Departementet mener det ikke er hjemmel for å kreve gebyr når forslagstiller er en offentlig myndighet som har som oppgave å ivareta offentlige interesser, og tiltaket skal finansieres med bevilgninger fra stat eller kommune eller med lån med statlig eller kommunal garanti. Dette gjelder også planforslag fra offentlige myndigheter som fremmes etter lovens § 12-3 andre ledd. Det avgjørende for spørsmålet om gebyr etter § 33-1 for planforslag fra offentlig myndighet er om forslaget gjelder kommersielle interesser på samme måte som forslag fra private, eller om det gjelder offentlige interesser og tiltaket skal finansieres av stat eller kommune eller med lån med statlig eller kommunal garanti.»

Med veldig små endringar i ordlyd er dette vidareført i veileder til utarbeiding av reguleringsplan frå 10.09.2018, sjå pkt. 3.9, side 68, andre avsnitt.

Formålet med grunnundersøkinga er direkte knytt til utarbeiding av reguleringsplanen for dette offentlege tiltaket som vil vere gebyrfri. Formålet bak reglane om fritak frå gebyr vil da vere gjeldande, og vi ber derfor Alver kommune om å sende oss ein kreditnota for denne fakturaen.

Ta kontakt om de har spørsmål! Vi har sett vidare handsaming av fakturaen på vent inntil vi får svar frå dykk.

Med helsing

Wilhelm Lund
leiar

Ingar Hals
sjefingeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

